



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato
20.12.2018
Dykkar dato
26.11.2018

Vår referanse
2018/14953 421.3
Dykkar referanse
18/2500

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale - Radøy – Gnr. 19, bnr. 19 - Risnes - Oppføring av naust - Dispensasjon

Vi viser til brev frå Radøy kommune av 26.11.2018 om dispensasjon for oppføring av naust på eidegom gnr. 19 bnr. 19, Risnes. Eidegomen ligg i strandsona i eit område som har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) i kommuneplan for Radøy kommune.

Føresetnader

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, eller omsyna i føremålsparagrafen i plan- og bygningslova (tbl.) § 1-1, vert sett vesentleg til side, jf. tbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er eit generelt byggjeforbod i strandsona jf.tbl. § 1.8, andre ledd. I 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Kommunane skal handheve ein streng dispensasjonspraksis i strandsona, jf. arealpolitisk retningsline nr. 11 i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008.

I kommuneplanens føresegns (kap. 3.4) er det i LNF områda berre tillat å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring. Inn under stadbunden primærnæring vert rekna næringsverksem basert på garden sine eigne ressursar.

Vurdering

Fylkesmannen er i utgangspunktet negativt til at strandsona vert utbygd dersom det ikkje ligg føre overvekt av samfunnsinteresser som kunne forsvart ei utbygging.

I dispensasjonssøknaden står det at eidegomen er privatisert, og at tiltaket ikkje vil medføre noko endring i allmennhetas tilgang til eidegomen. Vår vurdering er at oppføring av eit naust på denne eidegomen tvert i mot vil gje ei ytterlegare privatisering av strandsona, og at allmennhetas tilgang til denne difor vil bli ytterlegare svekka.

I tillegg er det i LNF-områda berre tillat å føre opp bygningar og anlegg i samband med stadbunden primærnæring. Ein dispensasjon frå arealformålet vil i dette høvet bidra til å uthole kommuneplanen som styringsverktøy. Faren for å skape presedens i denne type dispensasjonssaker er også stor.

Konklusjon

Sjølv om det kan være eit privat ønske og behov for naust, vil det omsøkte tiltaket være ueheldig ut frå omsyn til strandsone og omsyn til LNF-føremål.

Fylkesmannen rår i frå dispensasjon for oppføring av naust på eigedom gnr. 19 bnr. 19, Risnes slik det er søkt om.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi heradet sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.